



Skodje kommune

Kommuneplan 2007 - 2017

Planomtale - arealdelen

Versjon 12.06.07.



Skodje - den gode bukommunen med mangfold, utfordringer og trivsel



Framsida: Utsikt frå Ørneku

Foto: Torill Berg

Innhald		side
1.	AREALSITUASJONEN.....	6
1.1	Areal.....	6
1.2	Arealbehovet.....	6
2.	PROSESS OG MEDVERKNAD	7
2.1	Organisering av planarbeidet.....	7
2.2	Innspel frå ungdommar.....	8
2.3	Folkemøter	8
3.	UTFORDRINGAR.....	9
3.1	Visjon og satsingsområder.....	9
3.2	LNF-områda (med forbod mot spreidd bustad, erverv og fritidsbusetnad og frådeling til desse føremåla).	9
3.3	Strandsoneforvaltning	10
3.4	Grøntstruktur, rekreasjon og friluftsliv	10
3.4.1	Område for rekreasjon og friluftsliv	10
3.4.2	Område for idrett og kultur.	11
3.5	Arealbrukskonflikter.....	11
4.	SÆRSKILDE OMSYN	12
4.1	Samfunnstryggleik og beredskap.....	12
4.1.1	Risikovurdering av planområdet.....	12
4.1.2	Risiko –og sårbarhetsvurdering av evt. rasfare.....	12
4.2	Universell utforming – tilgjengelighet for alle.	13
4.3	T-1/95 Barn og planlegging.(rikspolitiske retningslinjer).....	13
4.4	T-5/93 Areal -og transportplanlegging.(rikspolitiske retningslinjer)	13
5.	AREAL TIL ULIKE FØREMÅL.....	14
6.	PBL §20-4, nr. 1. Byggeområde.....	14

6.1	Areal til bustad	14
6.2	Skodje sentrum	14
6.2.1	Bustad	14
6.2.2	Senterområde.....	15
6.2.3	Park	15
6.2.4	Friområder	15
Krinsane.....		16
6.3	Fritidsbustader	17
6.3.1	Hytter (H).....	17
6.3.2	Naust (N)	17
6.3.3	Rorbuer (R).....	17
6.3.4	Seterstøl (S)	17
6.4	Offentlege områder	18
6.4.1	Skular og barnehagar	18
6.4.2	Skodje omsorgssenter.....	18
6.5	Område for forretning, industri og lager	18
6.5.1	Industriareal	18
6.5.2	Næringsareal	19
6.5.3	Område for reiselivsverksemd.....	19
7.	PBL §20-4, nr. 2. Landbruks, -natur og friluftsområde (LNF-område)	19
7.1.1	Generelt.....	19
7.2	Landbruks-, natur- og friluftsområder (LNF – L), der omsynet til landbruksinteressene er vesentlege.	20
7.2.1	Kulturminne og kulturmiljø.....	20
7.3	Landbruks-, natur- og friluftsområder (LNF – F), der omsynet til friluftslivsinteressene er vesentlege.	21
8.	PBL §20-4, nr. 3 Område for råstoffutvinning.....	21

8.1	Masseuttak og massedeponi	21
9.	PBL §20-4, nr. 4 Bandlagde områder.....	22
9.1	Brusdalsvatnet som drikkevasskjelde	22
9.2	Svartevatnet som drikkevasskjelde.....	22
9.3	Naturvernområder	23
9.4	Område for sprengstofflager	23
10.	PBL §20-4, nr. 5. Særskilt bruk eller vern av sjø-, og vassdrag	24
10.1.1	Arealbruk i Storfjorden	24
10.1.2	Arealbruk i Skodjevika	24
10.1.3	Arealbruk i Ellingsøyfjorden	25
10.2	Verna vassdrag	25
11.	PBL §20-4, nr. 6. Viktige ledd i kommunikasjonssystemet.....	25
11.1	Nye vegføringar.....	25
11.1.1	Europavegen.....	26
11.1.2	Riksvegane	26
11.2	Fylkesvegar og kommunale vegar	26
11.2.1	Skodjevåg	26
11.2.2	Stette.....	27
11.3	Gang-og sykkelvegar	27
11.4	Kraftliner.....	27

1. AREALSITUASJONEN

1.1 Areal

Skodje kommune har eit areal på totalt 157 km², der fastland og øyer ein storleik på 120 km². Det er verna om lag 6 km² etter Naturvernlova.

Skodje kommune har attraktive strandområder. I kommunen er det totalt 107 km kystline, av dei er 76 km kystline på fastland og 31 km kystline på øyer.

1.2 Arealbehovet

Det er beregna at Skodje kommune har 3645 innbyggjarar pr.01.01.07. Folkeveksten dei siste åra har vore sterk.

Skodje har ei ung befolkning, der om lag 60 % av innbyggjarane er under 40 år. Som innbyggjar i Skodje har ein tilgang til både naturområder og bystrok, og har kort avstand til ein stor arbeidsmarknad.

Dei største arealbehova på land er knytt til bustadbygging, sentrumsutvikling, idrett/og friluftsliv, næringsområder og samferdselstiltak. For sjøareala er det kategorien natur, friluftsliv, ferdsel og fiske som er dominerande, men det er også sett av områder som kan nyttast til akvakultur, hovudsakleg i Storfjorden.


Behovet for områder til bustadbygging er aukande. Vi ser at veksten og etterspørselen, er størst i sentrumsområda.

STAD	2004 (ant. Bueiningar)	2005 (ant. bueiningar)	2006 (ant. bueiningar)	Totalt
Skodje sentrum	20	18	26	64
Valle-Svorta	5	3	4	12
Stette	3	7	12	22
Engesetdal	0	2	1	3
Glomset	2	0	0	2
Brusdal	0	0	0	0
Utvikbygda	0	0	2	2

2. PROSESS OG MEDVERKNAD

2.1 Organisering av planarbeidet.

Arbeidet med arealdelen er organisert slik:



Kommunestyret i Skodje vedtok 21. juni 2005, sak 30/05, at ein utviklingskomité (Komité II) skal vere rådmannen si arbeidsgruppe ved utarbeiding av arealdelen.

Det har vore ein føresetnad at samfunnsdelen til kommuneplanen, skal ligge til grunn for arbeidet med arealdelen. Kommunestyret i Skodje har også vedteke at stadanalyse og visjon for Skodje sentrum, datert 07.01.03, skal vere retningsgivande for framtidig planarbeid i Skodjebygda.

Det faste planutvalet fastsette planprogram for arealdelen i møte 26.09.06, sak 51/06. I planprogrammet er det m.a. gjort nærare greie for ulike problemstillingar i kommuneplanarbeidet.

Arbeidet i Komité II starta seinhausten 2006. Ein har vurdert særskilt arealbruken i strandsonen (100-metersbeltet). Det er utarbeidd ein rapport med registreringar i strandsonen og innhaldet i denne, er lagt til grunn i planarbeidet. Ein har sett på ønska utvikling i kommunen i høve til den vedtekne arbeidsvisjonen for kommuneplanarbeidet. Det vart tidleg vedteke i arbeidsgruppa, at det skulle leggjast ein del grunnleggjande prinsipp for planarbeidet. Vidare har komite II arbeidd med framtidig arealbruk i heile kommunen samla, og arbeidd med dei ulike kretsane ut frå ulike føresetnader. Det er utarbeidd ein rapport frå dette arbeidet, Innhaldet i rapporten er samanfatta og innarbeidd i plankart, føresegner og retningslinjer, samt denne planomtalen.

2.2 Innspel frå ungdommar.

Det er gjennomført eit gruppearbeid saman med ungdommar frå Skodje ungdomsskule. Ungdommar frå dei ulike krinsane og sentrum, vart utfordra på spørsmål knytt til Skodje sentrum. Tema for arbeidet var særskilt fokusert på buområde, områder for fritidsbruk og behovet for ”møteplassar”.

Ungdommane diskuterte dei ulike tema ut frå gitte spørsmål, og med utgangspunkt i kartgrunnlag over Skodjebygda. Det er laga ei samanfatta oversikt over det som kom fram gjennom arbeidet. Konklusjonane frå desse møta er lagt til grunn for planarbeidet.

2.3 Folkemøter .

Det vart tidleg i prosessen lagt opp til at ein skulle halde folkemøter i Utvikbygda og for området Stette-Mauren. Desse områda har vore eigne delplanområder i den gjeldande kommuneplanen, utan at det nokon gong har vore laga kommunedelplan her.

Folkemøta er gjennomført med orientering frå komite og administrativ gruppe, og det er lagt opp gruppearbeid med utgangspunkt i ulike aktuelle problemstillingar og med utgangspunkt i kartgrunnlag for områda. Politikarar frå Komité II har vore referentar i desse arbeidsgruppene.

Kommunen ønskjer medverknad til kommuneplanarbeidet frå innbyggjarar i kommunen. Folkemøtet i Utvikbygda og på Stette, vart med hensikt lagt tett opp til den offentlege høyringsperioden.

3. UTFORDRINGAR

3.1 Visjon og satsingsområder.

VISJON : DEN GODE BUKOMMUNEN – MED MANGFALD, UTFORDRINGAR OG TRIVSEL

Dette er ein visjon som legg vekt på at Skodje kommune ligg sentralt til, og er ein svært godt eigna kommune å bu i . Skodje kommune har eit stort omland, i tillegg til at folk kan ha arbeidet sitt her på staden. Dette er ein fordel kommunen bør utnytte. Kommunen arbeider målretta for å bli meir attraktiv.

3.2 LNF-områda (med forbod mot spreidd bustad, erverv og fritidsbusetnad og frådeling til desse føremåla).

Store delar av landareala i kommunen er landbruks-, natur og friluftsområder, med forbod mot spreidd bustad, erverv og fritidsbusetnad. Innanfor desse områda kan ikkje bygge- og anleggstiltak som ikkje har direkte samanheng med landbruksverksemd tillatast. Jmf. PBL §20-4, 2.ledd pkt. c.

Gjennom kommuneplanen har ein ønska å få til ei klassifisering av delar av LNF-områda. Som grunnlag for denne klassifiseringa er m.a. nytta data frå ulike fagdatabasar utarbeidd av sentrale og lokale faginstansar. (ulike naturbasar, register over kulturminne, registreringar av biologisk mangfald o.l.)

Ein har etter ei nærare vurdering av dei ulike områda valt å nytte ulike kategoriar på dei viktigaste landbruks-, og friluftsområda.

Landbruks-, natur- og friluftsområder der omsynet til landbruksinteressene er vesentlege, er vist i plankartet med LNF-L føremål.

LNF-F føremål er vist på landbruks-, natur- og friluftsområder der ein av omsyn til allmenne friluftslivsinteresser, ikkje ønskjer fleire inngrep.

I LNF-L områder og LNF-F områder ønskjer ein ei restriktiv haldning til m.a. handsaming av dispensasjonssaker og søknader om tiltak etter plan-, og bygningslova.

3.3 Strandsoneforvaltning

Kommuneplanen opp til eit særskilt vern av delar av strandområda. Kommuneplanen skal sikrar viktige områder mot inngrep, gir betre styring av bygg- og anleggstiltak i strandsonen, og gi grunnlag for lik forvaltningspraksis i heile kommunen.

Områder som skal takast vare på gjennom kommuneplanen sin arealdel, og sikrast særskilt mot nye inngrep er m.a :

- Øyane i Skodjevika og i Ellingsøyfjorden.
- 100-metersbeltet langs sjøen på fleire strekningar med relativt få inngrep.
- 50-metersbeltet langs nokre vatn (delar av Fyllingsvatnet/Engesetdalsvatnet og Glomsetvatnet)
- Stetteneset.

Desse områda er avsett i kommuneplanen som landbruks-, natur og friluftsområder, der omsynet til friluftslivsinteressene er vesentlege (LNF-F).

- Prestegarden og Murvika skal bevarast som noverande og framtidige friområder.
- Langøya v/Mauren skal vere framtidig friområde. Landareal som ligg i nærleiken skal skjermast mot nedbygging(LNF - F område).

Områda er gjennom kommuneplanen sett av til framtidige friområder. I dette ligg eit signal om at det offentlege på sikt, ønskjer å sikre seg desse områda, og gjere dei tilgjengeleg for alle.

Ein del badeplassar i sjø og i vatn er vist i plankartet. Særskilt markering av slike stader, kan vere nyttig m.a. ved kommunal sakshandsaming.

3.4 Grøntstruktur, rekreasjon og friluftsliv

3.4.1 Område for rekreasjon og friluftsliv

Skodje kommune har eit flott fjordlandskap og attraktive vassdrag med gode vilkår for fiske og friluftsliv. Buområda i kommunen er omkransa av skogar med tilgjengelege skogsvegar og flott turterreng. Variasjonen i naturen og høve til å gå frå fjøre til fjell er særreigen, og ein viktig kvalitet som kommunen ønskjer å ta vare på. Ein har gjennom kommuneplanen hatt fokus på sikring av elveløp og grønne korridorar.

Det er ei målsetting at ein ikkje skal begrense høve til rekreasjon og friluftsliv for eigne innbyggjarar. Skodje kommune ønskjer å sikre ålmenta rikeleg tilgang til friluftsliv, og har gjennom kommuneplanen søkt å bevare og vidareutvikle eksisterande rekreasjonsområder og grøntstruktur. Ein har gjennom kommuneplanen lagt til rette for at tilgjengelighet til viktige strandområder og turterreng vert betra.

Det er i tilknytning til ulike områda behov for sikring av areal til parkeringsplassar, i tilknytning til utfartsområda og attraktivt turterreng. I Skodje sentrum er det offentlege arealet, som omfattar skulane og ein barnehage, utvida mot vest. Ein ser at tilrettelegging av parkeringsplass i dette området vil gjere det sentrumsnære friarealet meir tilgjengeleg.

Kommunen har i forslag til kommuneplan vist ein del eksisterande turveggar. Nye trasear for "strandstiar" m.a. i sentrum, frå Kaia til Murvika. og på Stette, frå skuleområdet til Stettesneset, er vist i planen. Ein ønskjer i størst mogeleg grad at nye og eksisterande turveggar, vert tilgjengeleg for alle.

3.4.2 Område for idrett og kultur.

Kommunen ønskjer å legge til rette for opparbeiding av gode anlegg for varierte aktivitetar. Kommunen har som målsetjing å sikre gode areal, og tilpassa anlegg.

Det er sett i arbeid ei prosjektgruppe som arbeider med planar for eit fleirbrukshus for kultur og idrett i Skodje sentrum. Fleirbrukshuset er lokalisert til eksisterande idrettshall ved Skodje ungdomsskule. Ved sida av at det er lagt opp til å auke kapasiteten til idrettshall, vil det bygget kunne romme m.a. biblioteket, som i dag er lokalisert til barne ,- og ungdomsskulen. Ein reknar med at ei utbygging vil kunne frigjere areal i eksisterande skulebygg.

Ein forventar eit auka behov for parkeringsareal, knytt til aktiviteten i det nye fleirbrukshuset.

Det er planlagt ny offentleg tilkomst fram til området, med avkjørsel frå riksvegen frå vest. Den nye tilkomsten vil ikkje erstatte dagens tilkomst til skule ,- og barnehageområdet , men vere avlastning for eksisterande veg. Ein tenkjer seg m.a. at skulebussane med stor fordel kan å nytte ny tilkomst til området.

3.5 Arealbrukskonflikter.

Eit av kommunen sine målsetjingar i kommuneplanarbeidet, er å legge til rette for eit betre bumiljø. Eit tiltak i dette arbeidet, vil vere å sikre at buområda vert planlagt med tanke på å unngå støy, støvplager, forureining og interessekonfliktar.

Vi ser ein del arealbruksinteresser mellom bustadområder og områder for fritidsbruk. Samt mellom bustadområder/fritidsbustader og områder som vert nytta til industri ,-næringsområder eller aktiv landbruksverksemd.

I forslag til arealplan har ein forsøkt å unngå arealbrukskonflikter gjennom samlokalisering av arealinteresser.

I føresegnene til kommuneplanen er det sett krav til vurdering av konsekvensar av regulering i høve til miljøforhold, helsemessige forhold, tilhøve til arkeologi, kulturminner, landbruk-, natur-, friluftsliv og barn sine interesser. Eventuelle konsekvensar av planarbeidet sett i høve til desse tema, skal gå fram av planomtalen.

4. SÆRSKILDE OMSYN

4.1 Samfunnstryggleik og beredskap

4.1.1 Risikovurdering av planområdet.

Det er i kommuneplanen laga retningslinjer og prosedyrar som skal vere med på å sikre at omsynet til samfunnstryggleik vert ivareteke i samband med handsaming av private og kommunale planar.

Kommunen skal før utlegging av reguleringsplan til offentleg ettersyn, gjennomgå sjekklister, for å sikre at det er teke tilstrekkeleg omsyn til evt. risiko i samband med evt. omdisponering av areal. Føresegnene til kommuneplanen omfattar særskilt krav om gjennomføring av ROS-analyse, som grunnlag for planlegging av tiltak i utsette områder.

4.1.2 Risiko -og sårbarhetsvurdering av evt. rasfare.

Det er forventa at skred frå fjellmassen v/Åknes i Stranda kommune, vil kunne gjere skade på bygningar, anlegg og areal i del av Skodje kommune som ligg til Storfjorden.

Solnør - Heggebakk .

På strekninga vil kommunen vere restriktiv med å gi løyve til tiltak opp til kote +3.00. Området som er omfatta av restriksjonane er ikkje vist i plankartet. Byggeløyver i området vil til ei kvar tid vere knytt til beregningar av forventa bølgehøgde.

4.2 Universell utforming - tilgjengelighet for alle.

Føremålet med all planlegging er å fremje samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, med miljømessig gode løysingar, trygge lokalsamfunn og bumiljø, god trafiksikkerheit og effektiv trafikkavvikling. Det er ei prioritert oppgåve å sjå til at også omsynet til funksjonshemma er med som tema i planprosessen. (Jmf. T5/99 Tilgjengelighet for alle, 29.12.99.)

Målsettinga om "tilgjengelighet for alle" er ivareteke gjennom føresegnene til planen. Det er sett fokus på dette tema retningsline til kommuneplanen. Kravet gjeld for reguleringsplanar som er utarbeidd av Skodje kommune og av private aktørar. Kravt gjeld også i samband med handsaming av saker etter plan-og bygningslova.

4.3 T-1/95 Barn og planlegging.(rikspolitiske retningsliner)

De er eit nasjonalt mål at barn -og unge skal sikrast eit oppvekstmiljø som gjev tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader.

Areal og anlegg som skal nyttast av barn -og unge skal vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare.

I nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfolde seg og skape sitt eige leikemiljø. Dette forutset blant anna at areala :

- er store nok og eignar seg for leik og opphald.
- gjev høve til ulike typar leik på ulike årstider.
- kan nyttast av ulike aldersgrupper, og gjev høve til samhandling mellom barn, unge og voksne.

I føresegnene til arealdelen er det sett eit minstekrav (krav til storleik, plassering og terrengutforming) for leikeareal som vert sikra gjennom private og kommunale reguleringsplanprosessar.

Kommune skal så langt som råd søke å unngå nedbygging av viktige rekreasjonsområder, og områder som vert nytta av barn til leik.

4.4 T-5/93 Areal -og transportplanlegging.(rikspolitiske retningsliner)

Arealbruk og transportsystem skal utviklast slik at dei fremmar samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, med miljømessige gode løysingar, trygge lokalsamfunn og bumiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling.

Gjennom planarbeidet er lagt vekt på prinsippet om å samle naturinngrepa mest mogeleg. Det er i forslag til kommuneplan primært lagt vekt på å fortette i dei områda der det er busetnad og infrastruktur frå før.

Ein har søkt å unngå nedbygging av særleg verdifull strandsone, sjø og vassdragsnære areal, friluftsområder, kulturmiljø og kulturminner.

5. AREAL TIL ULIKE FØREMÅL

6. PBL §20-4, nr. 1. Byggeområde.

6.1 Areal til bustad

Skodje kommune har i dag ein gjeldande arealplan frå 1989 og kommunedelplanar for Skodjebygda og Svorta/Valle 1995-2006. Områda som vart avsett til byggeområde her, er i stor grad utbygd, eller det er igangsett reguleringsplanarbeid.

Kommunedelplan for Glomset og tilliggjande sjøområder vart godkjend av Kommunestyret i Skodje i 2003. Det er i Glomsetbygda avsett areal til bustadbygging. Forslag til kommuneplan bygg på eksisterande kommuneplan og legg i tillegg opp til at det kan etablerast nytt bustadområde ved Indrevik, gnr.12 bnr.1 og 2.

Kommunen ønskjer å legge til rette for utvikling av attraktive buområde i alle kretsane. Kommunen vil arbeide for at det vert etablert eit mangfaldig og differensiert butilbod. Skodje kommune har i denne kommuneplanperioden i stor grad å satsa på fortetting av eksisterande buområder.

Kommunen skal gjennom reguleringsplanarbeidet sørge for at det vert opparbeidd anlegg til lek og fritidsbruk i buområda. Ein skal i samband med planlegging av områda sjå til at det vert sett av areal til gangveggar og raser, som sikrar høve til ferdsel i bustadfelta.

6.2 Skodje sentrum.

6.2.1 Bustad

Behovet for bustadareal er i dag størst i Skodjebygda. I forslag til kommuneplan er det i stor grad lagt opp til fortetting og samlokalisering av bustadområder. I sentrum har ein m.a. lagt til grunn prinsippet om å bygge på eksisterande infrastruktur bygda.

Kommunestyret i Skodje har vedteke at "Stadanalyse og visjon for Skodje sentrum", skal legge føringar for val av arealbruk i Skodje sentrum.

Ein har i kommuneplanen lagt opp til auka busetnad sør for riksvegen. Arealet som ligg sør for riksveg 661 og nord for Nedreskodjevegen, er i vesentleg grad fortetta med bustader.

Det er lagt opp til noko bustadbygging på strekninga frå Grindvika til Straumen. Kommuneplanen viser ei utviding av eksisterande bustadområde i Grindvika, med tilkomst frå aust via eksisterande bustadområde.

Det er planlagt utviding av eksisterande bustadområde i Lia, aust for dagens busetnad, og nord for eksisterande HS-line.

Kommunen har konkludert med at ein ikkje ønskjer å strekkje busetnaden i sentrum, lenger opp mot fjellet enn dagens øvre busetnad.

Det er sett av areal til framtidige bustadområde på delar av arealet som ligg nord for "Banken/Bedehuset", nordaust for Skodje omsorgssenter (sør og nord for Nihusvegen) og aust for fylkesveg 106 (Ollmannngarden) Det er gjennom føresegnene til kommuneplanen lagt føringar for utbygginga av områda, og sett særskilt krav om reguleringsplan.

6.2.2 Senterområde.

Dei industriområda som ligg i sentrum, og som er vist i gjeldande planar er tekne ut. I sentrum er det primært lagt vekt på å sikre areal til bustad og service. Dette vert gjort m.a. for å redusere konflikter mellom ulike interesser.

Det er i forslag til kommuneplan lagt opp til at sentrale areal knytt til hovudgata vert sett av til senterområde. Det er gjennom føresegnene til kommuneplanen sett krav til reguleringsplan for nybygg og større tilbygg/påbygg,

6.2.3 Park.

Det er sett av 2 areal til framtidig park i Skodje sentrum. Eit område som er tenkt nytta, ligg vest for kyrkjegarden og vil fungere som buffersone mellom dei tilgrensande bustadområda og kyrkja. Dette arealet vil i tillegg ligge som reserveareal dersom det skulle bli naudsynt med ei evt. utviding av kyrkjegardsområdet i framtida.

Det er også sett av eit areal aust for "Prestegarden" til park. Dette området ligg inntil areal som er sett av til hotell og småbåthamn.

6.2.4 Friområder.

Arealet som omfattar "Prestegardsskogen" er utvida noko mot aust, og vist i kommuneplanen som framtidig friområde. Det kommunale friområdet i Murvika er bevart i kommuneplanen som badeområde.

Krinsane

Prinsippet om at ny utbygging i størst mogeleg grad skal lokaliserast til eksisterande grender, er lagt til grunn. Ein har lagt til rette for spreidd bustadbygging innanfor nokre av LNF-områda.

Det er sett av areal til framtidige bustadområder v/ Valle(sør for skuleområdet), Svorta(i Jensvika), Glomset(i Glomsetbygda og på Indrevik), Utvikbygda (Tøssebro og "Gyrihaugen"), Stette (Stettebygda og Opskar) og i Engesetdal (Beite og Ekroll). Det er gjennom føresegnene til kommuneplanen lagt føringar for utbygginga av områda, og sett særskilt krav om reguleringsplan.

Etter ei nærare vurdering i dei einskilde områda, har ein kome fram til kva for LNF-område som bør opnast for spreidd bustadbygging. Det er i kommuneplanen gjeve føresegner for tilpassing til eksisterande busetnad og tilpassing til kulturlandskap. Husplasseringa er vist med omtrentleg omfang og plassering i planen. Det totale omfanget i dei ulike områda går fram av tabellen under, og gjeld for heile planperioden.

LNF- MED HØVE TIL SPREIDD BUSETNAD	TAL NYE HUS
Heggebakk	3
Brusdal	5
Stavset	7
Steinset	5
Mauren	2
Erstad	7
Ekroll	3
Mørkeset	5
Innvik	2
Straumen	6
Fylling	5
Sum	50

6.3 Fritidsbustader

Det er lagt opp til at nye områder for fritidsbustader og naust, primært skal etablerast i eigne miljø. Ein ønskjer så lagt som råd å unngå etablering av fritidsbustader i eksisterande buområder.

6.3.1 Hytter (H)

I Skodje kommune er det i dag store hytteområde på fjellet m.a. i tilknytning til Steinsetsetra og på Fylling. Desse områda er regulert men ikkje utbygd. (ligg innanfor planavgrensinga til kommunedelplan for del av Solnørvassdraget)

Ein har ikkje lagt opp til etablering av nye hytteområde i fjellet, i denne kommuneplanperioden.

I forslag til kommuneplan er eksisterande område for fritidsbustader på Mørkesetstranda fortetta, og nye områder på Mørkeset, Gudmundset, Valle, Heggebakk og Stavset innarbeidd.

6.3.2 Naust (N)

Det er sett av nye områder for naust i heile kommunen. Skodje kommune har vedtekne retningslinjer for utbygging i naustområder. Desse retningslinjene er innarbeidd i føresegnene til kommuneplanen.

Maksimal storleik på naust er sett til 40 m². Maksimal høgd på naust er 5.5 m mot sjø. Detaljerte føresegner og retningslinjer for utbygging av naustområda er teke med i kommuneplanen.

6.3.3 Rorbuer (R)

Det er ikkje utbygde områder for rorbu i kommunen i dag.

Arealplanen viser nokre nye områder for rorbu. Det er gjennom føresegnene til planen knytt reguleringsplankrav til desse områda. Detaljerte føresegner og retningslinjer for utbygging av naustområda er teke med i kommuneplanen.

6.3.4 Seterstøl (S).

Det er gjennom kommuneplanen sett krav til stadfesta reguleringsplan, som grunnlag for evt. utbygging på eksisterande stølsområder.

6.4 Offentlege områder.

6.4.1 Skular og barnehagar.

Skule , -og barnehageområdet i Skodje sentrum, på Valle og Stette er utvida.

I sentrum ser ein at behovet m.a. for meir parkeringsareal knytt til skuleområdet og kulturaktivitetar, vil auke. Kommuneplanen viser ny tilkomst til dette skuleområdet, vest for dagens tilkomst og vest for gnr.25 bnr.4 og gnr.25 bnr.57.

Skule og barnehageområdet på Valle er utvida mot aust. Arbeidet med ny reguleringsplan i dette området er starta opp. Målsetjinga med planarbeidet er m.a. å finne nye løysingar for trafikkavviklinga i det offentlege området.

Det er lagt inn ein buffer/korridor sør for barnehagen, mellom eksisterande bustadfelt og det nye bustadområdet. Området er vist som framtidig friområde. Målsetjinga med dette arealet er m.a. å sikre høvet til ferdsel mellom skule- og barnehageområdet/øvrig busetnad og tilstøytande områder.

Skule og barnehageområdet på Stette er utvida mot sør og vest. Dette arealet skal hovudsakleg nyttast til utviding av uteområde/leikeareal.

6.4.2 Skodje omsorgssenter.

Arealet som ligg aust for Skodje omsorgssenter, nord for kraftlina og sør for gardstunet på gnr.23 bnr.7(Hattlelid), er sikra til offentleg føremål(utviding av sjukeheimsområder/omsorgsbustader).

6.5 Område for forretning, industri og lager.

6.5.1 Industriareal

I Skodje kommune er det i dag, ledige opparbeidde industritomter på m.a. Håhjem og Stette. Desse områda er regulerte og ein ser ikkje grunn for å utvide desse områda i denne kommuneplanperioden. Godkjende reguleringsplanar for desse områda, er sett til å gjelde føre kommuneplanen sin arealdel. (Aktuelle reguleringsplanar og stadfestingsdato går fram av føresegnene til planen.)

I gjeldande kommunedelplan for Skodjebygda er set sett av eit areal til industriføremål i Furlia (Skodjevågen). Området er ikkje regulert. Ein ønskjer gjennom kommuneplanen å redusere arealet som er sett til industriføremål. Den ubebygde delen av område er i kommuneplanen foreslått som LNF-område med forbod mot spreidd bustad, erverv og fritidsbusetnad. Bakgrunnen for ønske om reduksjon av industriområdet er m.a. fare for arealbrukskonflikter mellom industriføremål og eksisterande bustadområde/barnehage.

Det er vist to eksisterande industriområder i Glomsetbygda.

Det er så langt kommunen ser det ikkje behov for å legge til rette for nye områder for industri i nokon del av kommunen i denne planperioden.

6.5.2 Næringsareal

Det er godkjend etablering av 2 nye næringsområder på Digernes. Totalt er det planlagt 420 daa næringsareal nord for europaveg 39/136. Arealet er regulert, og opparbeiding av områda er i gang.

Skodje kommune ønskjer å prioritere desse områda til slik verksemd. Aktiviteten er av stor verdi for utviklinga i kommunen, og vil m.a. vere med på å auke talet på arbeidsplassar samt å styrke Skodje sentrum/Skodjebygda som attraktivt oppvekst og buområde. Det er konkrete planar for utbygging av infrastrukturen i området, med m.a. nytt to-planskryss ved E39/E136 X rv.661 og framføring av kommunaltekniske anlegg.

Godkjende reguleringsplanar for Digernes vest, Næringsområde Digernes og reguleringsplan for toplanskryss Digernes er sett til å gjelde føre kommuneplanen.

Det er så langt kommunen ser det ikkje behov for å legge til rette for nye områder for næring, i nokon del av kommunen, i denne kommuneplanperioden.

6.5.3 Område for reiselivsverksemd

Det er politisk interesse for tilrettelegging av nye områder for reiseliv. Det er gjennom kommuneplanen opna for etablering av hotell(Ho) med tilhøyrande småbåthamn og park i Skodje sentrum.

7. PBL §20-4, nr. 2. Landbruks, -natur og friluftsområde (LNF-område)

7.1.1 Generelt.

I LNF-områder er det forbod mot spreidd bustad, erverv og fritidsbusetnad. Innanfor desse områda kan ikkje byggje -og anleggstiltak som ikkje har direkte samanheng med landbruksverksemd tillatast. Jmf. PBL §20-4, 2.ledd pkt.c.

Byggjeforbod i 100-meterbeltet og langs vassdrag.

I LNF-områda gjeld § 17-2 i plan-og bygningslova, som omfattar forbod mot bygging og frådeling i 100-metersbeltet langs sjøen.

Det er gjennom kommuneplanen sett forbod mot oppføring av spreidd busetnad, fritidsbusetnad eller næringsbygg langs vassdrag nærare enn 50 m frå strandlina - målt i horisontalplanet ved gjennomsnittleg flaumvasstand. Jmf. PBL § 20-4, 2.ledd pkt.e.

Ein har i samband med utarbeiding av forslag til kommuneplan valt å nytte høvet til å klassifisere LNF-områda, ut frå om dei har særskilde viktige verdiar.

LNF-område er såleis vurdert ut frå om det ligg føre vesentlege interesser i høve til landbruk, -natur eller friluftsliv.

7.2 Landbruks-, natur- og friluftsområder (LNF - L), der omsynet til landbruksinteressene er vesentlege.

I kommuneplanen sin arealdel, har ein lagt opp til at dei viktigaste landbruksområda i kommunen skal bevarast. Viktige landbruksområder skal ideelt sett, avgrensast naturleg i høve til eksisterande og framtidige byggeområder.

Dei viktigaste landbruksområda i kommunen ligg i Engesetdal, på Fylling, i Skodje sentrum, på Håhjem, Nes og Stette .

Viktige landbruksareal i desse områda er vist i planen som LNF- L område (LNF- område der omsynet til landbruksinteressene er framtreddande).

7.2.1 Kulturminne og kulturmiljø.

Kulturminnelova set krav til at kulturminner og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon skal vernast både som del av vår kulturarv og identitet, og som eit ledd i ei heilheitleg miljø-og ressursforvaltning. Når det gjeld kulturlandskap og kulturmiljø, vil landbruksområda spele ei vesentleg rolle.

Forkortinga Fkm er nytta på vedtaksfreda bygg og anlegg i plankartet. I Skodje er våningshuset på Solnør Gård, Statens vegvesen sin vegstasjon i Dragsundet og Straumsbruene verna.

Alle freda kulturminne er merka med rune R og kulturminne K. Lokalitetar er lasta ned frå riksantikvaren sin database for kulturminner (askeladden.ra.no)

Straumsbruenene er sikra særskilt som spesialområde – kulturminnevern, land/sjø, gjennom stadfesta reguleringsplan for Rv. 661 Digernesskiftet – Straumen – Stette (26.09.2000). Gjeldande reguleringsplan er sett til å gjelde føre kommuneplanen sin arealdel.

Det skal utarbeidast ein kommunal plan for kulturminner i Skodje. Denne planen vil kunne gi kommunen god oversikt over dei kulturminna vi har, over verdien av kulturminna, og seie noko om korleis dei ulike områda best kan forvaltast.

7.3 Landbruks-, natur- og friluftsområder (LNF - F), der omsynet til friluftslivsinteressene er vesentlege.

I kommuneplanen sin arealdel, har ein lagt opp til at dei viktigaste friluftsområda i kommunen skal bevarast. Det er m.a. lagt opp til at 100-metersbeltet fleire stader i kommunen vert sikra særskilt mot fleire inngrep gjennom arealdelen.

Eksempel på slike områder er m.a. strekninga frå Mauren til Steinset, Stetteset og strekninga frå Juvågen til Tøssebru, samt delar av Mørkeset. Området frå Stetteset til Jensvika med Straumsbruene og tilliggjande areal, samt og 100 metersbeltet frå Storevågen forbi Smeltevika og til Dragsund.

Anlegg for lysløype og skileik på Erstad, er også eit slikt område saman med Langneset, som ligg mellom Glomset og Indrevik.

8. PBL §20-4, nr. 3 Område for råstoffutvinning

8.1 Masseuttak og massedeponi.

Spørsmål om gode og eigna areal til masse-uttak og deponi er reist gjennom kommuneplanarbeidet.

Skodje kommune har ikkje områder som peikar seg ut som særleg eigna til masse-uttak, ut over det området som er regulert til føremålet på Stette(Leite steinbrot).

Dersom nye områder for råstoffutvinning eller vesentleg utviding av eksisterande uttak skal vurderast, ser ein behov for å sette reguleringsplankrav. Reguleringsplan må då i tilfelle innehalde krav om driftsplan, Driftsplan skal regulere tilhøva før, under og etter driftsperioden.

Krav til reguleringsplan og driftsplan er også sett for større områder for massedeponi. Ein ser at to områder på Stavset kan vere eigna til massedeponi. Desse områda ser ikkje ut til å kome i konflikt med bustadområder og allmenne interesser.

9. PBL §20-4, nr. 4 Bandlagde områder

9.1 Brusdalsvatnet som drikkevasskjelde

Brusdalsvatnet er drikkevasskjelde for Ålesund og omland. Delar av vatnet ligg i Skodje kommune. Nedslagsfeltet er bandlagt i kommuneplanen.

9.2 Svartevatnet som drikkevasskjelde

Svartevatnet er drikkevasskjelde for Skodje kommune. Nedslagsfeltet er bandlagt i kommuneplanen.

9.3 Naturvernområder.

Område som er bandlagt etter lov om naturvern.

Verneområde	Verneform	Vernedato	Totalareal
Ørnakken	naturreservat	14.06.2002	4221 daa
Skinstadreset	naturreservat	13.10.2000	341 daa
Liafjellet	naturreservat	17.12.1999	1353 daa
Straumsdalen	naturreservat	13.10.2000	149 daa
Solnørvika	naturreservat	08.11.2002	43 daa
Sum	naturreservat		6107

9.4 Område for sprengstofflager.

Godkjent sprengstofflager v/Nerstølen på Glomset, er vist i planen med eit restriksjonsområde på om lag 700 m i diameter.

10. PBL §20-4, nr. 5. Særskilt bruk eller vern av sjø-, og vassdrag

Som utgangspunkt for vurdering av sjøareala i kommunen, er eksisterande arealbruk i Skodjevika, Solnørvika og Storfjorden lagt til grunn.

Gjennom arbeidet med kommuneplanen har ein ønska å legge til rette for småbåttrafikken. Dette er i planen m.a. gjort ved å sette av areal fleire småbåthamner og ved å opne for auka seglingshøgde i Dragsundet.

10.1.1 Arealbruk i Storfjorden.

Delar av Storfjorden har i forslag til kommuneplan fått arealstatus som område for natur, friluftsliv, ferdsel og fiske og akvakultur.(NFFFA). Dette er i samsvar med den arealbruk som er vedteken gjennom kommunedelplan for Glomsetområdet.

Indre del av Storfjorden, i området som ligg i tilknytning til Håhjem/Solnørvika er sikra gjennom planen som område for natur, friluftsliv, ferdsel og fiske.(NFFF). Det er ikkje opna for akvakulturaktivitet i dette området.

Solnørvika ved utløpet av Solnørelva er sikra etter eige lovverk, som naturvernområde.

Det er ei eksisterande småbåthamn som ligg i tilknytning til eksisterande industriområde på Håhjem. Denne aktiviteten er vist i planen, og omfanget er uendra i høve til gjeldande kommunedelplan.

10.1.2 Arealbruk i Skodjevika.

Skodjevika representerer eit svært viktig område for natur,-friluftsliv og ferdsel. Skodjevika vert saman med Ellingsøyfjorden, karakterisert som eit større friluftsområde og eit båtutfatsområde av regional verdi. Fjorden har i forslag til kommuneplan fått arealstatus som område for natur, friluftsliv, ferdsel og fiske.(NFFF). Det er ikkje opna for akvakulturaktivitet i dette området.

Alle øyer og holmar i Skodjevika er vist i planen som område for LNF-F område (landbruks,-natur og friluftsliv der omsynet til friluftslivsinteressene er vesentlege).

Det er planlagt ny småhamn sør for Skodje sentrum, i tilknytning til området som er avsett til hotell.

10.1.3 Arealbruk i Ellingsøyfjorden

Indre del av Ellingsøyfjorden, som ligg i Skodje kommune, representerer eit svært viktig område for natur,-friluftsliv og ferdsel. Denne fjordarmen er karakterisert som eit viktig regionalt utfartsområde. Fjorden har i forslag til kommuneplan fått arealstatus som område for natur, friluftsliv, ferdsel og fiske.(NFFF)

Det er gjeve konsesjon for oppdrett av skjell ved Lille Dyrøy og ved Tøssebro. Desse avgrensa områda er vist i planen til akvakulturområde.

Det er lagt ut areal til småbåthamn på Stette v/Båtsvika og i Utvikbygda v/Tøssebro.

Alle øyer og holmar i Ellingsøyfjorden er vist i planen som område for LNF-F område (landbruks,-natur og friluftsliv der omsynet til friluftslivsinteressene er vesentlege).

10.2 Verna vassdrag.

Solnørvassdraget er varig verna mot vassdragsutbygging. Naturverdiane i delar av Solnørvassdraget og i delar av nedslagsfeltet til vassdraget er sikra gjennom eigen kommunedelplan.

For del av dette vassdraget som er omfatta av planarbeidet, gjeld dei rikspolitiske retningslinene for verna vassdrag (RPR for verna vassdrag -1993).

Solnørelva er vist i kommuneplanen som verna vassdrag.

11. PBL §20-4, nr. 6. Viktige ledd i kommunikasjonssystemet.

11.1 Nye vegføringar.

Av større vegtiltak som kommunen ønskjer å innarbeide i kommuneplanen, er ny vegtrase mellom Digernes og Glomset/Magerholm/Sykkylven. Dei alternative trasevala for nye vegføringar til Ålesund og Ørskog, som er vist i kommuneplanen for Skodje - arealdelen, er på idestadiet.

Skodje kommune ønskjer i forhold regionale samferdselsprosjekt å ha visjonar, som går ut over planperioden. Ein ønskjer ein dialog mellom Statens vegvesen og dei berørte kommunane, om nye vegprosjekt.

Ny E39 mellom Skodje og Ørskog og ny tverrforbindelse mellom Digernes, Sykkylven og Åleseund er vist i planen som ein illustrasjon, utan rettsverknad.(16)

11.1.1 Europavegen.

Kommunen har gjennom planforslaget vist framtidig trase for E39/136 mot Ørskog, gjennom Solnørdalen. Ny trase for E39/E136 austover frå Dragsund til Ørskog kommune er planlagt gjennom Solnørdalen rett sør for eksisterande fylkesveg. Endeleg traseval skal avklarast gjennom nærare vurdering av ulike trasear og konsekvensutgreiing av desse. Traseval er vist som ein illustrasjon i planen .

11.1.2 Riksvegane.

”Palmesvingen” som ligg mellom Skodjevåg og Dragsundet er foreslått omlagt. Det er i forslaget lagt opp til ei justering av dagens trase, med avkjørsel til europavegen lenger vest. I framtidig plan for E39/E1136 i Dragsundet skal flytting av kryss og heving av brua i Dragsundet inngå.

Slik plassering opnar for auka seglingshøgde gjennom Dragsundet(under europavegen). Tiltaket vil vere svært interessant for kommunen, og gi store moelegheiter for småbåt-trafikken.

Delar av riksveg 656 (avkjørsel frå europavegen) er foreslått omlagt til eit område vest for eksisterande avkjørsel, og vest for eksisterande bustadområde på Valle. Ei omlegging av delar av riksvegen på Valle, vil løyse ein del av dei vanskeleg problemstillingane som i dag er knytt til riksvegen som går gjennom bustadområdet. Omlegging av riksveg 656 fram mot eit nytt kryss (som vil erstatte eksisterande kryss) på E39/E136 på Valle, blir vist som ein illustrasjon i planen utan rettsverknad. Endeleg traseval skal evt. avklarast gjennom nærare vurdering av ulike trasear og konsekvensutgreiing av desse.

11.2 Fylkesvegar og kommunale vegar.

11.2.1 Skodjevåg.

Det er gjennom kommuneplanen lagt til rette for mindre omlegging av fylkesveg 104. Veggen går frå Skodjevåg og til Ørskog. Målsettinga med ei delvis omlegging, er m.a. å betre stigningstilhøva for delar av denne vegtraseen.(m.a. fram til eksisterande bustad og industriområde i Furlia.

11.2.2 Stette.

Det er lagt opp til auka busetnad mellom fylkeveg 110 og sjøen på Stette. Eksisterande vegkryss mellom kommunevegen og riksveg 661, har ei dårleg plassering i høve til m.a. behov for sikt. I forslag til arealplan er det vist 2 alternative løysingar for omlegging av austre del av kommunevegen . Detaljar vedrørande framtidig utforming av kryss mellom riksvegen/ kommunevegen/ og avkjørsel til Nes, bør avklarast gjennom ein reguleringsplanprosess.

11.3 Gang-og sykkelvegar.

Ein målsetting er å sikre born og unge ein trygg skuleveg. Det vert gjennom m.a. kommunal trafikktryggingssplan og kommunalt reguleringsplanarbeid, jobba for sikring av tilkomst og parkering på dei ulike skuleområda(offentlege områda).

Ein ønskjer at det vert etablert gang-og sykkelvegsamband rundt Skodjevika, og mellom Skodje sentrum og alle krinsane. Dette arbeidet vil naturleg nok ta noko tid, og krevje større statleg engasjement.

For å betre gangvegforbindelsen mellom sentrum og krinsane, kan alternative løysingar vurderast. Eit døme her kan vere å ta bruk/oppgradere eksisterande skogsveg frå Grindvika til Straumen. Traseen er vist i forslag til kommuneplansom ein framtidig lokal turveg.

Kommunen ønskjer at det vert oppretta gang,-og sykkelvegsamband frå sentrum til Dragsundet, med vidareføring frå Dragsundet til Solnør Gaard golfbane. Desse traseane er vist i forslag til kommuneplan.

Manglande gang og sykkelvegsamband mellom Valle og Glomset har i fleire år vore med på å begrensa utviklinga i dette området. Gangvegsambandet er innarbeidd i forslag til kommuneplanen, og forlenga fram til bustader v/Rabben.

Kommunen vil legge vekt på at viktige landskapsverdiar vert teke vare på i samband med detaljplanlegging og opparbeiding av slike anlegg.

11.4 Kraftliner.

132 kV linje, frå Ørskog til Ålesund, går gjennom bustadområder i Skodje sentrum. Det er ikkje vist ny trase for høgspenst luftlineanlegg, som alternativ til linetrase gjennom Skodje sentrum. Ein forventar at HS-line vert lagt i kabel i eksisterande trase, eller som kabel i sjø frå Skodjevåg til Digernes.

Det er ikkje innarbeidd nye trasear for høgspentanlegg i nokon del av kommunen, i denne kommuneplanperioden.